



Møre og Romsdal fylkeskommune

Generelle retningslinjer for prosjekttilskot – tilskot til frivillig verksemd

Formål

- styrke grunnlaget for vidareutvikling av eksisterande kulturaktivitet
- stimulere frivillig engasjement, mangfald og kvalitet i kultur- og folkehelsearbeidet i Møre og Romsdal
- stimulere nettverksbygging og samhandling mellom offentleg, privat og frivillig sektor

Kven kan søke

- allmennkulturelle aktørar
- kunst- og kulturorganisasjonar med eit regionalt nedslagsfelt (lokallag, medlemmer eller aktivitet som omfattar minst 5 kommunar)
- regionalt-/fylkesledd av frivillige organisasjonar

Krav til søkjar

- Organisasjonen skal vere demokratisk oppbygd der alle kan teikne medlemsskap
- Søkjar skal vere registrert i Brønnøysundregistrene med eige organisasjonsnummer

Kva kan det søkast tilskot til

- Enkelttiltak eller prosjekt som omfattar aktivitet med eit regionalt nedslagsfelt
- Prosjekt som er av interesse for store deler eller heile fylket
- Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt og mangfaldig kulturliv

Støttenivå

- Øvre grense for tilskot skal normalt ikkje overstige 100 000 kroner, eller maks 50 prosent av totalbudsjett

Regionalt nedslagsfelt

- Aktivitet i, eller deltakarar frå, minst 5 kommunar i fylket

Desse kan ikkje søke

- Politisk verksemd
- Humanitær verksemd
- Organisasjonar eller aktørar som samlar inn eller vidareformidle midlar
- Organisasjonar eller aktørar som fremmer egne medlemmer sine økonomiske eller yrkesmessige interesser
- Trussamfunn

Rapportering og synleggjering:

- Det er stilt krav til føring og revisjon av rekneskap i organisasjonar og institusjonar som får tilskot. Det skal gå fram av årsmelding og **eigen post i rekneskapen** at de har mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- Ved tilsegn over 200 000 kroner er det krav om autorisert revisor ved innsending av rekneskap
- Rapportering på prosjekttilskot skal innehalde:
 - Kort om gjennomføringa av prosjektet med opplysningar om m a program, aktivitet, tal på deltakarar mm
 - Signert sluttrekneskap

Generelle vilkår:

- Ordninga med følgekort for funksjonshemma brukarar skal gjelde for dei opne kulturtilboda som tilskotsmottakarane står som arrangør av.
- Arrangement skal så langt som råd vere tilgjengelege for alle, og bygge på prinsippet om universell utforming.
- Vi ber kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar gjere seg kjent med og bruke
 - Kulturnett Møre og Romsdal sine tenester, www.mr.kulturnett.no
 - Tilskotsordninga "Kulturrabatt for ungdom" [www.mrfylke.no/ Kulturrabatt](http://www.mrfylke.no/Kulturrabatt)

Om klage

Vedtak om prosjekttilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Dette betyr at det ikkje er mogleg å klage i slike saker.

Kontroll

Kulturavdelinga eller fylkesrevisjonen skal ha høve til å sette i verk kontroll med at midlane er eller blir brukt etter vilkåra (sak T-63/17, punkt 10).

Endringar og unntak

- Ved spesielle tilfelle kan kultur- og folkehelseutvalet vedta at andre søkjarar eller tiltak enn dei som er omfatta av retningslinene, kan motta tilskot. Det må i slike høve liggje føre særlege grunnar for at tilskot kan bli gitt. Kva som er "særlege grunnar" blir vurdert av kultur- og folkehelseutvalet i kvar einskild sak.
- Kultur- og folkehelseutvalet kan til ei kvar tid justere eller endre retningslinene etter dei behov og omsyn som må takast i høve til budsjетtrammer og organisatoriske forhold
- Retningslinene vart sist endra i møte 08.02.2017, sak KF-2/17

Habilitet etter forvaltningsloven § 6 blir vurdert i alle ledd av saksbehandlinga
